



Folke- og bustadteljing 1990

Hordaland

FOLKE- OG BUSTADTELJING 1990

12 HORDALAND

**STATISTISK SENTRALBYRÅ
OSLO-KONGSVINGER 1992**

ISBN 82-537-3760-2

EMNEGRUPPE
31 Folketellinger

ANDRE EMNEORD

Arbeidstid

Befolkning

Boliger

Grunnkretser

Husholdninger

Sysselsetting

Yrkesaktive

Forord

Hovudformålet med Folke- og bustadteljing 1990 er å gi eit bilet av befolkningen og levekåra i det norske samfunnet.

Eit anna viktig formål er å gi statistikk for mindre geografiske område som kommunar og delar av kommunar. For å dekkje dette formålet gir Statistisk sentralbyrå ut eit statistisk hefte for kvar kommune.

Kommunehæfta for alle kommunane i landet er publiserte. Det blir no laga eit samandrag for kvart fylke med tabellar som svarar til dei som finst i kommunehæfta. Tilsvarande samandrag blir også laga for heile landet.

Innan utgangen av 1992 vil det vere etablert ein endeleg folketeljingsfil, og det blir utarbeidd eit hefte som dokumenterer folketeljingsprosjektet.

Resultata frå FoB90 vil i tillegg vere tilgjengelege i databasar i SSB, bl.a. Regionalstatistisk database. Det er vidare planar om ei spreiing av folketeljingsdata i samband med publisering av annan statistikk frå SSB. Resultata vil ein også kunne få på maskinlesbar form. Brukarar som ønskjer meir omfattande bearbeiding av materialet vil få dette gjort i SSB mot å betale kostnadene.

Oslo/Kongsvinger, 29. juli 1992

Svein Longva

Jan Furseth

Innhald

| | Side |
|--|-----------|
| Tabellregister | 6 |
| Figurdel | 7 |
| | |
| Tekstdel | |
| 1. Formål | 8 |
| 2. Opplegg og gjennomføring | 8 |
| 2.1. Kva statistikken omfattar | 8 |
| 2.2. Grunnlag for statistikken | 8 |
| 2.3. Datainnsamling | 8 |
| 2.4. Utval | 9 |
| 3. Feilkjelder og usikre resultat | 9 |
| 3.1. Utvalsvarians | 9 |
| 3.2. Fråfall og skeivt utval | 10 |
| 3.3. Innsamlings- og bearbeidingsfeil | 10 |
| 4. Eininger, geografiske nivå og kjennemerke | 11 |
| 4.1. Eininger | 11 |
| 4.2. Geografiske nivå | 12 |
| 4.3. Kjennemerke | 13 |
| 4.3.1. Personkjennemerke | 13 |
| 4.3.2. Bustadkjennemerke | 16 |
| 4.3.3. Hushaldskjennemerke | 17 |
| 5. Merknader til tabellane | 17 |
| Tabelldel | 19 |
| | |
| Vedlegg | |
| Personskjema | |
| Bustadskjema | |


Standardteikn i tabellar

- . Tal er umogleg (ulogisk)
- Null
- 0,0 Mindre enn 0,05 av den brukte eininga
- : Talet er upåliteleg
- () Talet må nyttast med varsemd


Tabellregister

| | Side |
|---|------|
| 1. Folkemengd ved folketeljingane 1875 - 1990, etter fylkesgrenser pr. 3. november 1990 | 19 |
| 2. Folkemengd etter kjønn, ekteskapeleg status og alder. 3. november 1990 | 19 |
| 3. Hovudtal for utdanning. Personar 16-66 år etter yrkesaktivitet, kjønn og utdanning. 3. november 1989 - 2. november 1990 | 20 |
| 4. Personar 16 år og over. Hovudtal for yrkesaktivitet i året 3. november 1989 - 2. november 1990 .. | 21 |
| 5. Hovudtal for yrkesaktive i året 3. november 1989 - 2. november 1990 | 22 |
| 6.1. Yrkesaktive 16 år og over, etter alder og næring/yrkesfelt. 3. november 1989 - 2. november 1990 | 23 |
| 6.2. Yrkesaktive 16 år og over, etter kjønn/alder/arbeidstid i året og næring/yrkesfelt. 3. november 1989 - 2. november 1990 | 24 |
| 7.1. Yrkesaktive 16 år og over, etter arbeidstid i året og kjønn/næring/yrkesfelt. 3. november 1989 - 2. november 1990 | 25 |
| 7.2. Yrkesaktive 16 år og over, etter kjønn, arbeidstid i året og næring/yrkesfelt. 3. november 1989- 2. november 1990 | 26 |
| 8. Hovudtal for yrkesaktive i veka 27. oktober - 2. november 1990, etter vanleg/avtala arbeidstid .. | 27 |
| 9.1. Yrkesaktive 16 år og over i veka 27. oktober - 2. november 1990, etter kjønn, vanleg/avtala arbeidstid og næring | 27 |
| 9.2. Yrkesaktive 16 år og over i veka 27. oktober - 2. november 1990, etter vanleg/avtala arbeidstid, kjønn og næring/yrkesfelt | 28 |
| 10. Yrkesaktive 16 år og over med fast oppmøteplass på arbeid i veka 27. oktober - 2. november 1990, etter talet på arbeidsreiser, reisetid og yrkesfelt/oppmøteplass | 29 |
| 11. Yrkesaktive 16 år og over med fast arbeidsreise i veka 27. oktober - 2. november 1990, etter reisemåte, oppmøteplass, talet på arbeidsreiser, reisetid og etter reisemåte, kjønn og alder | 30 |
| 12. Bustader og busette. Hustype, talet på rom, kjøkken. 3. november 1990 | 31 |
| 13. Bustader, rom og busette, etter hustype. 3. november 1990 | 31 |
| 14. Bustader etter eigeform og areal. Rom og busette, etter eigeform. 3. november 1990 | 31 |
| 15. Bustader etter talet på rom og talet på busette. 3. november 1990 | 32 |
| 16. Bustader etter byggår for huset og hustype/eigeform/kjelde til oppvarming. Busette og rom, etter byggår for huset. 3. november 1990 | 32 |
| 17.1. Bustader etter sanitærutstyr og storleik. 3. november 1990 | 33 |
| 17.2. Bustader og busette. Sanitærutstyr/byggår, storleik og tilgjenge. 3. november 1990 | 33 |
| 18. Bustader etter standardindikatorar. Busette etter alder og standardindikatorar. 3. november 1990 .. | 34 |
| 19. Hushald, familiar og personar, etter hushaldstype. Hushald etter hushaldstype og talet på familiar i hushaldet/yrkesaktivitet i hushaldet/eigeform/talet på rom i bustaden og kjøkken. 3. november 1990 | 35 |
| 20. Hushald, familiar og personar, etter hushaldstorleik/hushaldstype. Absolutte tal og prosent. 3. november 1990 | 36 |
| 21. Hushald etter hushaldstype og disponering av personbil/sortering av avfall. 3. november 1990 .. | 37 |
| 24. Barn 0-17 år etter alder, familietype og mors/fars yrkesaktivitet i veka 27. oktober - 2. november 1990 | 37 |
| 25. Personar 67 år og over i privathushald. Alder, talet på personar i hushaldet og indikatorar for bustadstandard. 3. november 1990 | 38 |
| 26. Folkemengd etter alder, kjønn og type bustadstrøk/kommune. 3. november 1990 | 39 |
| 27. Yrkesaktive 16 år og over, etter næring, kjønn og type bustadstrøk/kommune. 3. november 1989 - 2. november 1990 | 42 |
| 28. Privathushald. Utvalde kjenneteikn for bustadstandard, og disponering av personbil. Bustadstrøk/kommune. 3. november 1990 | 45 |

Figur 1. Yrkesaktive 16 år og over, etter næring. Prosent. 1980 og 1990



Figur 2. Hovudtal for bustadstandard og disponering av bil. Prosent. 1980 og 1990



1. Formål

Hovudformålet med Folke- og bustadteljing 1990 (FoB90) er å gi eit bilet av befolkningen og levekåra i det norske samfunnet. Moderne folketeljingar legg stor vekt på å sjå opplysningar om bustader og butilhøve, sysselsetjing og yrke, utdannings- og inntektsforhold, arbeidsreiser mv. i samanheng.

Formålet med denne publikasjonen er å gi ei omtale av kvart fylke, og av område som er mindre enn fylke (kommunar).

2. Opplegg og gjennomføring

2.1. Kva statistikken omfattar

FoB90 omfattar alle personar (også utanlandske statsborgarar) som var registrerte som busette i Noreg på teljingstidspunktet 3. november 1990, i samsvar med forskriftene om føring og ordning av folke-registra.

Bustadteljinga har med privatbustader (leilegheiter) der minst éin person var registrert som busett 3. november 1990.

Teljinga omfattar *ikkje* bustader der det ikkje budde folk eller der det budde nokon berre mellombels (t.d. ugifte personar som oppheldt seg utanom foreldreheimen på grunn av skolegang). Det er heller ikkje henta inn opplysningar om bustaden for dei som oppheldt seg i aldersheimar, pleieheimar, barneheimar og andre fellesinstitusjonar og får stell og tilsyn der.

Eininga *hus* er ikkje med i teljinga, men det blir gitt nokre opplysningar om det huset som bustaden ligg i.

2.2. Grunnlag for statistikken

I kommunar med 6 000 eller fleire innbyggjarar er grunnlaget for statistikken opplysningar frå ulike statistiske og administrative registre og skjemaopplysningar frå eit utval av befolkningen 16 år og over (fødde i 1974 eller tidlegare). Slike kommunar blir heretter omtala som utvalskommunar.

I kommunar med færre enn 6 000 innbyggjarar er det gjennomført fullstendig teljing for skjemadelen òg. (Fullteljingskommunar.)

Kommunar med 6 000 eller fleire innbyggjarar som ville at det skulle utarbeidast statistikk på grunn-

lag av skjemaopplysningar frå alle busette i kommunen, fekk dette utført av SSB mot at kommunen sjølv betalte SSB meirkostnadene. Sju kommunar fekk gjennomført slik teljing (Stryn, Sula, Vestnes, Oppdal, Stjørdal, Brønnøy og Vestvågøy).

Dei viktigaste kjennemerka som blir henta inn direkte frå register, er kjønn, alder, andre demografiske kjennemerke og utdanning.

Det er laga eit eige informasjonshefte som m.a. gjer greie for bakgrunn, metode, fagleg innhald og opplegg for bearbeiding av teljinga. Heftet kan ein få ved å vende seg til SSB, Folketeljingsprosjektet.

Det er Finansdepartementet som har vedteke at Statistisk sentralbyrå skal gjennomføre ei folke- og bustadteljing i 1990. Vedtaket har heimel i lov om offisiell statistikk og Statistisk sentralbyrå av 16. juni 1989 nr. 54 (statistikklova). Stortinget har løyvd pengar til gjennomføringa av teljinga.

Det har kosta 60 millionar kroner å gjennomføre teljinga på denne måten. Dette er 40 millionar mindre enn om heile befolkningen 16 år og over skulle ha svara på spørjeskjema.

2.3. Datainnsamling

Folketeljingsskjema blei sende i posten direkte til kvar einskild oppgåvegivar. Namn og adresse frå Det sentrale personregister (DSP) blei førde på i førehand.

I utvalskommunane fekk alle personane som var trekte ut ein person-/bustadblankett, rettleiing, informasjon og svarkonvolutt. Oppgåvegivaren svara på spørsmål om seg sjølv og om bustaden/hushaldet som han/ho budde i. Bustadsida på blanketten inneholdt òg ei namneliste over dei personane 16 år og over som hørte til same familie som oppgåvegivaren. Oppgåvegivaren supplerte namnelista med eventuelle andre personar som var registrerte som busette i bustaden (leilegheita) og svara på spørsmål om yrkesaktivitet til personane på lista. Opplysningane er nyttar i arbeidet med samansettinga til bustadhushald (sjå nedanfor) og til å gi ulike eigenskapar ved hushaldet, m.a. "talet på yrkesaktive".

I fullteljingskommunane fekk alle personane som var 16 år og eldre eit personskjema med rettleiing og informasjon. I tillegg fekk den eldste i kvar familie eit bustadskjema og ein svarkonvolutt. Utfylte skjema frå alle oppgåvegivarane i bustaden blei sende samla tilbake i svarkonvolutten. Der det budde fleire familiar i same bustad, blei det berre brukt ein svarkonvo-

lutt, og berre eitt bustadskjema blei fylt ut. Innsamlingsmetoden gav derfor grunnlag for å setje familiar og personar saman til hushald.

Personar som ikkje hadde sendt inn folketeljingskjema i rett tid, fekk tilsendt inntil to adresserte purringar.

2.4. Utval

Utvalet er trekt ut på personnivå og slik at det er representativt med omsyn til kjønn og alder.

Sidan person utgjorde trekkegrunnlaget i utvalsommunane, og det er sett saman ei bustad- eller hushaldseining for kvar person, er utvalet av bustader nesten dobla i høve til eit direkte utval av bustader/hushald.

Utvalsprosenten varierte med kommunestorleiken:

| Kommunestorleik | Utvalsprosent |
|-----------------------------|---------------|
| 6 000 - 7 999 innbyggjarar | 20,0 |
| 8 000 - 9 999 " | 14,3 |
| 10 000 - 49 999 " | 10,0 |
| 50 000 innbyggjarar og over | 8,3 |

Såleis har alle utvalskommunar fått om lag den same kommunestatistikken.

Resultata som byggjer på eit utval av befolkningen, blir noko usikre. Dette gjeld særleg for små befolkningsgrupper, til dømes for yrkesgrupper med få utøvarar eller for små geografiske område. SSB har utvikla og teke i bruk ein ny statistisk metode som gjer det mogleg å utnytte administrative data i statistikkproduksjonen, sjølv om kvaliteten i registra ikkje

er slik at dei aleine er gode nok for dette formålet.

Metoden går ut på å samanlikne på individnivå opplysningar som er gitt i skjemaet med opplysningar i registeret. Med grunnlag i dette doble settet av opplysningar om det same kjennemerket for personane i utvalet, er det laga justeringsfaktorar som er nytta i arbeidet med dei statistiske tabellane. Denne metoden som kombinerer opplysningar frå skjema og register, har redusert feilen i resultata til bortimot det halve samanlikna med tilsvarende utvalsdata aleine, for kjennemerkja yrkesaktivitet og næring. Dei usikre resultata er omtala i avsnitt 3 nedanfor.

3. Feilkjelder og usikre resultat

3.1. Utvalsvarians

Når ein byggjer på opplysningar om berre ein del av befolkningen, får ein usikre resultat. Standardavviket er eit mål på kor usikkert resultatet er. Storleiken på standardavviket er mellom anna avhengig av talet på observasjonar i undersøkinga. Dess fleire observasjonar, dess mindre standardavvik.

Iblant blir *relativt standardavvik* òg brukt som mål på kor usikre utvalstal er. Dette er forholdet mellom standardavviket og det talet som er rekna ut, målt i prosent. SSB har ikkje gjort spesielle utrekningar for kor usikre tala i kvar einskild kommune er. I tabell 1 har vi kalkulert nokre relative standardavvik for dei ulike utvalsprosentane, etter verdien på det utrekna talet når person er eining.

Tabell 1. Relativt standardavvik for personala, etter utvalsprosent og utrekna tal på personar i tabellen (cellestørleik). Prosent

| Utvalsprosent | Utrekna tal på personar | | | | | | | | |
|----------------|-------------------------|------|------|-------|-------|--------|--------|---------|---------|
| | 50 | 100 | 500 | 1 000 | 5 000 | 10 000 | 25 000 | 100 000 | 200 000 |
| 8,3 | 47,0 | 33,2 | 14,9 | 10,5 | 4,7 | 3,3 | 2,0 | 0,9 | 0,5 |
| 10,0 | 42,4 | 30,0 | 13,3 | 9,4 | 4,0 | 2,7 | 1,3 | . | . |
| 14,3 | 34,5 | 24,4 | 10,7 | 7,3 | 2,4 | . | . | . | . |
| 20,0 | 28,2 | 19,9 | 8,7 | 5,9 | 1,7 | . | . | . | . |

Kalkylane i tabell 1 vil i nokre tilfelle overestimere det relative standardavviket. Spesielt gjeld dette kjennemerkja yrkesaktivitet og næring der vi omrent kan redusere det relative standardavviket med ein

faktor på 0,6. Dette har samanheng med at vi brukar registerdata i statistikkproduksjonen (sjå avsnitt 2.4).

Tabell 2 viser tilsvarende relative standardavvik når bustad eller hushald er eining.

Tabell 2. Relativt standardavvik for bustad- og hushaldstala, etter utvalsprosent og utrekna tal på bustader/hushald i tabellen (cellestørleik). Prosent

| Utvalsprosent | Utrekna tal på bustader/hushald | | | | | | | | |
|----------------|---------------------------------|------|------|------|-------|-------|--------|--------|---------|
| | 25 | 50 | 100 | 500 | 1 000 | 5 000 | 10 000 | 25 000 | 100 000 |
| 8,3 | 46,2 | 32,7 | 23,1 | 10,3 | 7,3 | 3,2 | 2,3 | 1,4 | 0,5 |
| 10,0 | 41,3 | 29,2 | 20,6 | 9,1 | 6,4 | 2,6 | 1,6 | 0,3 | . |
| 14,3 | 32,7 | 23,1 | 16,2 | 7,0 | 4,7 | 0,9 | . | . | . |
| 20,0 | 25,5 | 18,0 | 12,7 | 5,5 | 3,7 | 0,7 | . | . | . |

For kjennmerka *talet på personar i hushaldet* og *talet på barn i hushaldet* vil det relative standardavviket vere ein god del mindre. Dette kjem av at opplysningane om familietilknyting i personregisteret er nytta ved oppblåsing av tala.

For å illustrere kor usikkert eit tal er, kan vi bruke eit *intervall* for å finne nivået på *den sanne verdien* av eit gitt tal - det vil seie den verdien vi ville ha fått dersom vi hadde utført ei totalteljing i staden for ei utvalsundersøking. Slike intervall blir kalla konfidensintervall dersom dei er konstruerte på ein spesiell måte. I denne samanhengen kan vi bruke følgjande metode: La *M* vere den utrekna verdien, og la *S* vere eit tal for standardavviket til *M*. Konfidensintervallet blir da intervallet med grenser (*M* - *2S*) og (*M* + *2S*). Denne metoden vil i bortimot 95 prosent av tilfella gi eit intervall som inneholder den sanne verdien. Med andre ord vil høgst 5 prosent av tala ha ein feil på meir enn 2 gonger standardavviket.

Følgjande eksempel illustrerer korleis vi kan bruke tabell 2 til å finne konfidensintervallet.

Vi har rekna ut eit tal på 1 000 bustader i ein 20 prosent utvalskommune. Det relative standardavviket er 3,7 prosent, slik at standardavviket blir

$$1\ 000 \cdot 0,037 = 37$$

Det vil seie at det riktige talet i 95 prosent av tilfella ligg i intervallet med grenser

$$(1\ 000 - 2 \cdot 37) \text{ og } (1\ 000 + 2 \cdot 37)$$

Altså er intervallet

$$(926, 1\ 074)$$

I hefta for utvalskommunane og i fylkessamandraga har vi valt å bruke ein treledda publiseringssstrategi.

1. Tal med relativt standardavvik under 20 prosent blir publiserte direkte.
2. Ved relative standardavvik mellom 20 og 30 prosent, blir talet sett i parentes. Med dette meiner vi at det kan forsvarast å oppgi talet, men at det må nyttast med varsemd.
3. Tal med relativt standardavvik på 30 prosent og over har vi undertrykt ved å setje kolon i staden for talet. Sjølv om det er mogleg å rekne seg fram til det undertrykte talet, vil vi ikkje tilrå ein slik framgangsmåte fordi talet er for upåliteleg.

Grensene for publisering av fylkestal er nærmare omtala i avsnitt 5.

3.2. Fråfall og skeiwt utval

I alt var det 968 030 oppgåvepliktige personar ved teljinga. Av desse var det 12 584 personar som ikkje returnerte skjemaet. Dette vil seie at svarprosenten i folketeljinga er på 98,7 for landet under eitt. For kommunar varierer svarprosenten mellom 100 og 95. Dessutan er det noko fråfall på dei einskilde spørsmåla. Fråfallet kan føre til skeiwt utval sidan ein har brukt dei som har svara til å rekne ut verdiane for manglande opplysningar. Utvalet som er brukt vil likevel vere akseptabelt ettersom svarprosenten er så høg.

3.3. Innsamlings- og bearbeidingsfeil

Ved gjennomføring og bearbeiding av ei statistisk undersøking vil det alltid kunne oppstå feil som kan gi utslag i resultata. Dette gjeld både ved totalteljingar og når resultata er baserte på eit utval.

Dei fleste feila oppstår vanlegvis under oppgåveinnhentinga og kjem av urette svar eller mangelfullt utfylte skjema. Ved bearbeidingsa kan det oppstå feil når opplysningane blir koda, i vårt tilfelle spesielt

opplysningane om næring og yrke.

SSB har ikkje kontakta oppgåvegivarane dersom det blei funne feil eller manglar ved utfyllinga. Materialet har likevel gjennomgått omfattande maskinelle kontroll- og opprettingsrutinar. For kjennemerke med uoppgitt svar er det rekna ut eit mest mogleg sannsynleg svar på grunnlag av dei andre opplysningane personen har gitt og ut frå svara frå andre oppgåvegivarar.

Kontroll- og opprettingsrutinane vil bli nærare omtala i publikasjonen som dokumenterer FoB90-prosjektet. Publikasjonen vil bli gitt ut sist i 1992.

SSB gjennomfører ei kvalitetsundersøking i samband med folketeljinga. Undersøkinga tek sikte på å kontrollere kvaliteten av hushaldssamsetjinga i folketeljinga. Vidare skal ein vurdere eventuelle konsekvensar for statistikken av å nytte regelverket i folkeregisterlova som grunnlag for geografisk plasering av befolkningen. Ein ventar at resultata vil ligge føre i 1992.

4. Einingar, geografiske nivå og kjennemerke

Når ikkje anna er nemnt, gjeld opplysningane situasjonen 3. november 1990.

4.1. Einingar

Person

Teljinga omfattar alle personar som etter folkeregistret er registrerte som busette i Noreg på teljingsdagen 3. november 1990. Kven som skal rekna som busette og kvar dei skal ha adressa si, går fram av forskriftene om føring og ordning av folkeregistra.

Busette

Med busette meiner vi personar busette i privathushald. Talet på *busette i alt* vil derfor vere mindre enn talet på *personar i alt* i kommunen (folkemengd).

Barn

I tabellane 19-21 og 24 omfattar omgrepet *Barn* ugifte barn under 18 år som bur heime og som er registrerte som busette i familien til minst ein av foreldra eller andre føresette. Eldre barn som bur i heimen, er ikkje rekna som barn etter denne definisjonen.

Familie

Som familie reknar vi:

- ektepar og eventuelle ugifte heimebuande barn utan omsyn til alderen på barnet
- mor/far med ugifte heimebuande barn utan omsyn til alderen på barnet
- kvar einskild person som ikkje hører med i gruppene over (einsleg)

Eit familienummer er eitt av kjennemerka for kvar person i Det sentrale personregister. Grupperinga til familie i teljinga er gjort med utgangspunkt i dette familienummeret.

Alle i ein familie i teljinga må vere registrerte som busette på same adressa (same kommune og poststad), og dei kan berre inngå i eitt hushald. Personar, t.d. ektefellar, som etter denne regelen er plasserte på kvar sin stad, er ikkje grupperte til same familie i teljinga, sjølv om dei har likt familienummer i Det sentrale personregister.

Barn som har gått ut av familién fordi dei har fått eigne barn, har meldt flyting og/eller inngått ekteskap, blir aldri rekna til foreldra sin familie på eit seinare tidspunkt. Når t.d. eit ektepar bur saman med eit skilt barn, utgjer ektefellane og barnet kvar sin familie.

Ein familie kan aldri bestå av meir enn to generasjoner.

Ugifte sysken som bur saman i ein bustad der ingen av foreldra er busette, blir rekna som kvar sin éinpersonsfamilie.

Personar med ukjend bustad eller familienummer blir rekna som einslege (éinpersonsfamiliar).

I eit sambuarpar utgjer kvar sambuar sin eigen familie saman med eigne barn. Felles barn er med i familien til éin av foreldra.

Hushald

Til same hushald er rekna personar som er registrerte som busette i same bustad. Slike hushald blir kalla *bustadhushald*. Eit hushald kan vere samansett av ein eller fleire familiarier. Grupperinga av personar til bustadhushald er hovudsakleg gjort ut frå opplysningar gitt på bustadskjemaet (namnelista) og ut frå innsendingsmåten (felles retur). Sjølv om Det sentrale personregister ikkje gir oversikt over kven som bur saman i kvar einskild bustad, er adresseopplysningane i registeret nytta som eit supplement i arbeidet med å setje saman hushaldet.

I teljinga blir det skilt mellom privat- og felleshushald. Alle tal for hushald i tabellane gjeld *privathushald*.

Privathushald omfattar personar som er registrerte som busette i privatbustader.

Til *Felleshushald* er rekna slike som er registrerte som busette i aldersheimar, pleieheimar, barneheimar o.l. og som får stell og tilsyn der. Tilsette som er busette i/ved felleshushaldet, er alltid rekna som busette i privathushald. Det same gjeld militært personell registrert som busett i forlegningen. I utvalskommunar er berre personar 67 år og over rekna som busette i felleshushald.

Folketeljinga gir ikkje statistikk over felleshushald. Det er hovudsakleg fordi personar som oppheld seg på institusjon, men som er registrerte som busette i heimen, høyrer til privathushaldet dei er registrerte i. Ein statistikk på dette grunnlaget ville derfor gi eit misvisande bilet.

Bustad (leilegheit)

Ein bustad er eitt eller fleire rom som er bygde eller ombygde til heilårs privatbustad for ein eller fleire personar. Det må vere tilgjenge til rommet/romma utan at ein må gå gjennom ein annan bustad. For å gjere det enkelt blir det i tabellane brukt nemninga bustad i staden for privatbustad.

Ein bustad er t.d. rekkjehusleilegheit, leilegheit i tomannsbustad, leilegheit i leigegard, blokkleilegheit og hybelleilegheit. Einebustad er også leilegheit.

Ein hybel i privathus er ein bustad dersom han har eigen inngang. I hybelhus er kvar hybel rekna som eigen bustad, også der rom som t.d. kjøkken og bad er felles. Leilegheiter og hyblar som blir disponerte av privathushald i sjukehus, institusjonar, militærforlegningar o.l., er alltid rekna som eigen bustad.

I somme tilfelle kan ein bustad omfatte meir enn ei leilegheit. Det gjeld når personar i same familie (t.d. ugife barn) bur i eiga leilegheit (t.d. hybelleilegheit) på same adressa som resten av familien. I slike tilfelle omfattar bustaden alle leilegheitene som familiemedlemmane brukar.

Fordi omgrepet bustadhushald blir brukt, blir talet på bustader det same som talet på privathushald i teljinga.

Det er ikkje innhenta oppgåver for bustader der ingen er registrerte som busette (sjå avsnitt 2.1).

Hus er ikkje eiga eining i teljinga, men bustadkjennemerka omfattar nokre opplysningar om huset

som bustaden ligg i.

4.2. Geografiske nivå

Grunnkrins, delområde

Grunnkrinsane er utforma slik at dei skal vere stabile over ein rimeleg tidsperiode. Ein grunnkrins er eit samanhengande geografisk område, og har mest mogleg einsarta natur, næringsgrunnlag, kommunikasjonsforhold og busetnad. Folkemengd og areal bør ikkje variere for sterkt. Visse variasjonar i befolningsgrunnlaget finst likevel - ein krins i spreittbygde strøk kan ha under 100 innbyggjarar, medan dei tettast utbygde byområda kan ha over 1 000.

Fordi krinsen skal vere stabil, er han ikkje knytta opp til tettstadsavgrensinga. Ein krins kan derfor innehalde både tett og spreitt busetnad.

Det er ikkje stilt krav om at grunnkrinsgrensene skal falle saman med grensene for kyrkjesokn, skole- eller valkrinsar.

Landet er delt inn i om lag 13 600 grunnkrinsar.

Grunnkrinsane er grupperte saman til *delområde* (bydelar/bygdelag). I eit delområde er det vanlegvis 1 000 - 3 000 personar i spreittbygde strøk og 3 000 - 5 000 i tettbygde. I alt er det om lag 1 550 delområde i landet.

Alle adressene i landet er gitt kodar for grunnkrins og delområde. Kodane er ein del av datagrunnlaget i Det sentrale personregister. Grunnkrinsinndelinga i FoB90 kan samanliknast med FoB80. I visse tilfelle (ved krinsdelinga i perioden) må samanlikninga skje med utgangspunkt i grupper av 1990-krinsar.

Statistikk på grunnkrinsnivå eller delområde er ikkje presentert i fylkessamandraga. Sjå kommunehefta for slik statistikk. Kart over grunnkrinsar og delområde er med som vedlegg i kommunehefta.

Kommune

Vi går ut i frå at kvar einskild person i teljinga har bustaden sin i den kommunen og den bustaden der vedkommande var registrert som busett i Folkeregisteret 3. november 1990.

Hovudregelen er at ein person skal registrerast som busett der han eller ho tar døgnkvila si. Dei viktigaste unntaka frå denne hovudregelen gjeld:

- Ugife personar som pga. studiar, skolegang eller verneplikts-/sivilteneste oppheld seg utanom foreldra/forsørgjaren sin bustad. Dei

skal vere registrerte i foreldra/forsørgjaren sin bustad.

- Gifte personar som det meste av tida må bu borte frå heimen pga. arbeid, studiar, verneplikts-/sivilteneste (t.d. yrkesaktive som er vekependlarar). Dei skal vere registrerte i ektefellen sin felles bustad.
- Personar som er innlagde på sjukehus eller sette inn i fengsel, arbeidsanstalt e.l. Dei skal vere registrerte der dei var busette før dei blei innlagde/innsette.

Personar som ikkje kan knytast til ein bestemt bustad/adresse, blir rekna med i den kommunen der dei sist hadde fast bustad. I fordelingane etter type bustadstrøk, delområde og grunnkrins er dei rekna med i gruppa *Uoppgett*.

Det er ikkje innhenta opplysningar om mellombels bustad. Folketeljinga gir derfor ikkje oppgåver over den befolkningen som er *til stades*.

Tettstad

For at ei hussamling skal reknast som tettstad, må det bu minst 200 personar der, og avstanden mellom husa må normalt ikkje overstige 50 meter. Det er tillate med avvik etter skjøn for område som ikkje skal eller kan bli busette. Dette kan t.d. vere parkar, idrettsanlegg, industriområde, eller naturlege hindringar som elvar eller dyrkbare område. Hussamlingane som naturleg hører med til tettstaden, blir tekne med i ein avstand på 400 meter frå tettstadkjernen.

Tettstadsavgrensinga er uavhengig av grunnkrins-inndelinga, og kan også gå på tvers av kommuneinndelinga.

Kart over tettstadene i kommunen er med som vedlegg i kommunehefta.

Tal for kvar einskild tettstad er gitt i tabellane 26-28 i kommunehefta, under *Tettbygde strøk*. Fylkes-samandraga har fordeling etter bustadstrøk (tettbygd - spreidtbygd) i tabellane 26-28.

4.3. Kjennemerke

4.3.1. Personkjennemerke

Alder

I fordelinga etter alder er kvar person gruppert etter alder pr. 31. desember 1990. (Alder = 1990 minus fødselsår.)

Arbeidsreiser - generelt

Arbeidsreiseopplysningane omfattar oppmøteplass, talet på arbeidsreiser, reisetid og reisemåte (sjå dette). Kjennemerka gjeld personar 16 år og over som *utførte* inntektsgivande arbeid i teljingsveka frå 27. oktober til 2. november 1990 og som hadde ein *fast* oppmøteplass. Arbeidsreiseopplysningane gjeld reisa frå heimstaden (registrert bustad) til arbeidsstaden.

Det blei lagt spesiell vekt på utforminga av arbeidsreisespørsmåla. Både i spørsmålteksten og rettleiinga blei det forklart at *heimstaden* er den bustadadressa som vedkommande var registrert som busett på i Folkeregisteret 3. november 1990.

Arbeidsreiser - talet på

Talet på arbeidsreiser er dei gongene oppgåvegivaren reiste *frå* heimstaden *til* arbeidsstaden (éin veg) i teljingsveka. Med *Heimstad* meiner vi alltid den bustadadressa som vedkommande er registrert busett på. For personar som budde mellombels på t.d. hybel eller brakke denne veka, er reisa mellom hybelen/brakka og arbeidsstaden ikkje teken med. Personar som arbeidde i heimen (t.d. bønder) er grupperte til *reiste ikkje*. Det same gjeld personar som ikkje var på heimstaden i teljingsveka.

Arbeidstid

Teljinga har opplysningar om arbeidstid både i året (12-månadersperioden), og i teljingsveka frå 27. oktober til 2. november 1990. For veka er det dessutan eit skilje mellom vanleg/avtala og faktisk arbeidstid.

Arbeidstid i året

I FoB90 er årleg arbeidstid det samla talet på heile månader som vedkommande hadde arbeid, heiltid og/eller deltid, i alle arbeidsforhold. Som heiltid er rekna samla arbeidstid på 30 timer eller meir i veka, noko som svarar til 120 timer eller meir over ein 4-vekersperiode. Fråvære er ikkje trekt frå. Summen av månader med heiltids- og deltidsarbeid kan høgst vere 12.

Arbeidstid i veka (vanleg/avtala)

Den avtala arbeidstida i veka er gitt i timeverk og viser det timetalet den yrkesaktive har avtale om. For yrkesaktive som ikkje hadde inngått avtale om ei bestemt arbeidstid, gjeld oppgåva den gjennomsnittlege arbeidstida. Det same gjeld for personar med

varierande arbeidstid eller for dei som har skiftarbeid kombinert med friperiodar. Faste førebuingar ut over ordinær arbeidstid er rekna med (lærarar). Arbeidstid i fleire arbeidsforhold skulle summerast. Betalt fråvære er ikkje trekt frå, medan tilfeldig meirarbeid (sesongvariasjonar, overtid) derimot ikkje er lagt til.

Arbeidstid i veka (utført)

Faktisk utført arbeidstid er oppgitt i timeverk. Overtid og anna ekstraarbeid er rekna med, men omgrepene omfattar ikkje fråvære på grunn av sjukdom, ferie, permisjon med lønn o.l. Personar som ikkje var på arbeid i teljingsveka, t.d. på grunn av skift- eller turnusfridagar, utførte ikkje inntektsgivande arbeid denne veka.

Bustad

Sjå *Kommune* i avsnitt 4.2.

Bustadstrøk (tettbygd - spreittbygd)

Sjå *Tettstad* i avsnitt 4.2.

EktesCAPEleg status

Det er brukt fire hovudgrupperingar etter ektesCAPEleg status, nemleg ugifte, gifte, enkjer/enkjemenn og separerte/skilde. EktesCAPEleg status omtalar den formelle situasjonen, ikkje faktiske samlivsforhold (sambuarar).

Familietype

Under omtalen av eininga *familie* (avsnitt 4.1 ovenfor) er det gjort greie for kven som skal reknast til same familie. På grunnlag av kva for personar som inngår i familien og kva for ektesCAPEleg status dei har, blir familiene inndelte i typar, slik:

| | |
|-------------------|---|
| Einsleg | einpersonfamilie. |
| Ektepar utan barn | familien inneheld eit ektepar, men ingen ugifte, heimebuande barn. |
| Ektepar med barn | familien inneheld eit ektepar, og paret sine ugifte, heimebuande barn utan omsyn til alder. |
| Mor/far med barn | familien inneheld mor eller far og deira ugifte, heimebuande barn utan omsyn til alderen på barnet/barna. |

Familietypen baserer seg på den formelle ektesCAPElege statusen til personane i familien. I eit sambuarpar utgjer kvar einskild sambuar derfor sin eigen familie.

Heiltid/deltid

Ein person kjem i gruppa heiltidsarbeid når summen av avtala/vanleg arbeidstid i alle arbeidsforhold er 30 timer eller meir i veka (120 timer eller meir over ein 4-vekersperiode).

Næring

Yrkesaktive personar 16 år og over er grupperte etter næring ut frå opplysningane om 12-månadersperioden. Kjennmerket er knytta til det arbeidsforholdet som hadde vara lengst. Det er ikkje innhenta særskilte oppgåver om næring for teljingsveka frå 27. oktober til 2. november.

Næringsgrupperinga er gjord etter 1983-utgåva av Standard for næringsgruppering (Standardar for norsk statistikk 2). Standarden er eit fem-sifra pyramidisk system der kvart siffer viser eit grupperingsnivå.

FoB80 blei gruppert etter den førre utgåva av næringsstandarden (utgitt i 1978). Dei viktigaste endringane frå denne utgåva finn vi under Detaljhandel. Standardendringane har ingenting å seie for jamføringane med siste teljing for næring på eitt-siffernivå.

Næringsgrupperinga kan etter mindre modifikasjoner på tabellnivå samanliknast med International Standard Industrial Classification of all Economic Activities (ISIC) frå 1968.

FN vedtok ein ny versjon av ISIC i 1989. Den nye versjonen vil etter kvart bli innarbeidd i næringsstandarden i dei fleste landa i Europa. Når den nye standarden blir innført i Noreg, vil folketeljingsmaterialet få næringskodar etter ISIC -89 i tillegg til dei noverande.

Oppmøteplass på arbeid

Oppmøteplassen er den staden der oppgåvegivaren møtte fram då arbeidsdagen tok til. Grupperingskriterium er kommune. Personar som møtte på ulike stader, var til sjøs e.l. har ikkje fast oppmøteplass.

Reisemåte til arbeidet

Reisemåten gjeld dei transportmidla vedkommande til vanleg brukte på arbeidsreisa (éin veg).

Reisetid til arbeidet

Reisetida er den tida det tek å kome *frå* heimstaden (registrert bustadadresse) *til* arbeidsstaden (éin veg). I reisetida er gongtid og ventetid under reisa rekna med. Det same gjeld faste gjeremål, t.d. å bringe barn

til barnehage. Tilfeldige gjeremål og forseiningar blir ikkje rekna med.

For pendlarar som budde mellombels utanom heimen (hybelen, brakka) blir reisetida rekna frå heimstaden og fram til arbeidsstaden.

Spreittbygd/tettbygd strøk

Sjå *Tettstad* i avsnitt 4.2.

Utdanning

Utdanningsopplysningane i publikasjonen er henta frå datafilen over høgste utdanning for befolkningen pr. 1. oktober 1990, såkalla omkoda utgåve (grupperinga av grunnleggjande fagutdanning - også den som blei fullført før skoleåret 1972/73 - byggjer på 9-årig grunnskole og er plassert på klassetrinn 10, nivå 3).

Opplysningsane om utdanning fullført i utlandet etter 1. november 1980 er noko mangelfulle i datamaterialet. Dette gjeld blant anna utdanning fullført av nordmenn som har studert utomlands. Opplysningsane om utdanning for dei fleste innvandrarane til Noreg etter 1980 er tilført datamaterialet frå ei eiga spørjeundersøking blant personar fødde i utlandet.

Frå og med 1987 blir det i all utdanningsstatistikk frå SSB brukt seks-sifra utdanningskodar, etter Standard for utdanningsgruppering - Revidert 1989 (Standardar for norsk statistikk 7). Standarden er bygd opp som eit pyramidisk klassifikasjonssystem. Utdanninga er først ordna i grove grupper etter (samla) tid ved normal studieprogresjon. Gruppene blir kalla *utdanningsnivå*. Innanfor kvart nivå er utdanningane delte inn i *fagfelt* og *faggrupper*. Ein del utdanningar som tidlegare var plasserte på for lågt nivå, har skifta nivå ved overgangen til revidert standard. Dei største gruppene er ingeniør- og helsefagutdanningar.

Resultata frå utdanningsstatistikken blir no presenterte etter omkoda utdanningskode (sjå ovanfor), medan folketeljinga i 1980 er basert på ein versjon av den gamle standarden som ikkje er omkoda. Derfor kan ikkje resultata frå dei to teljingane samanliknast. SSB kan lage statistikk som kan samanliknast ved å dele inn FoB80 etter ny standard og kode om all grunnleggjande fagutdanning til 9 år.

Yrke

Yrkesaktive personar 16 år og over er grupperte etter yrke ut frå opplysningsane om 12-månadersperioden. Kjennmerket er knytt til det arbeidsforholdet som tok lengst tid. Det er ikkje innhenta særskilte oppgåver

om yrke for teljingsveka frå 27. oktober til 2. november.

Grunnlaget for yrkesgrupperinga er Standard for yrkesgruppering i offentleg norsk statistikk (utgitt av Arbeidsdirektoratet i 1965). Standarden blir ofte omtala som NYK (Nordisk yrkesklassifisering). Til folketeljinga i 1980 blei standarden ajourført av SSB ved at nye yrkestitlar blei plasserte inn på riktig stad i systemet, ein del yrkesgrupper blei slått saman og andre blei splitta i fleire grupper. Etter 1980 har SSB halde fram med ajourføring med nye yrkesnemningar.

Yrke i folketeljinga er koda med tre av dei i alt fem sifra som standarden har.

Yrke er koda på same måten og etter same standarden både i FoB80 og FoB90, slik at det er mogleg å samanlikne yrkesstatistikken mellom dei to teljingane.

NYK og dermed teljinga kan berre til ein viss grad samanliknast med den nyaste (1988) utgåva av International Standard Classification of Occupations (ISCO). Derimot er det godt samsvar med førre ISCO (1958, revidert i 1968). Det er denne versjonen som pr. 1990 blir brukt i dei fleste europeiske landa.

Yrkesaktivitet

I FoB90 er det innhenta oppgåver om yrkesaktiviteten både for dei siste 12 månadene (3. november 1989 til 2. november 1990) og for den siste veka før teljingstidspunktet (27. oktober - 2. november 1990).

Som yrkesaktive blir rekna personar 16 år og over som *hadde* inntektsgivande arbeid i minst 100 timer i 12-månadersperioden. Inntektsgivande arbeid er alt arbeid som blir utført mot betaling i form av lønn, inntekt av eiga verksemد, provisjon, honorar o.l. Deltidsarbeid, vikararbeid, barnepass, feriejobbar o.l. er også med. Det same gjeld sjukefravære, ferie, permisjon med lønn o.l. Ved folketeljinga i 1980 skulle slikt fravære ikkje rekna med. Arbeid som familiemedlemmer utan fast lønn i familiebedrift (t.d. butikk, gardsbruk) og verneplikts-/sivilteneste blir også rekna som yrkesaktivitet.

Dei som var yrkesaktive i 12-månadersperioden svarte også på om dei *hadde* inntektsgivande arbeid som varte minst 1 time i veka 27. oktober til 2. november 1990. Ved folketeljinga i 1980 måtte ein ha *utført* arbeid som vara minst 1 time for å bli rekna som yrkesaktiv i veka. Teljingane i 1980 og 1990 kan samanliknast fordi FoB90 også kan fordele dei yrkesaktive etter utført arbeidstid i veka.

Yrkesstatus

Yrkesaktive personar 16 år og over er grupperte etter yrkesstatus ut frå arbeidsforholdet dei oppgav for 12-månadersperioden. Det er ikkje innhenta særskilte oppgåver om yrkesstatus for teljingsveka frå 27. oktober til 2. november.

Personar (også medeigarar) som arbeidde i firma organiserte som aksjeselskap, andelslag eller andre selskapsformer med avgrensa ansvar, er alltid rekna som tilsette.

Ein person er rekna som sjølvstendig dersom vedkommande dreiv verksemd aleine for eiga rekning eller saman med andre med uavgrensa ansvar (t.d. i ansvarleg selskap).

Gruppa *Familiemedlem utan fast lønn i familiebedrift* omfattar personar som arbeidde i familieverksemd utan fast lønn, og som verken var eigar eller medeigar i verksemda. Eit familiemedlem utan fast lønn kan likevel ha lønn for arbeidet i form av kost og losji, del av overskott e.l.

Der ektefellar arbeidde i felles verksemd (t.d. gardsbruk) som ikkje var organisert som aksjeselskap e.l., er den eine ektefellen rekna som sjølvstendig og den andre som familiemedlem utan fast lønn, med mindre begge ektefellane var registrerte som eigagarar av verksemda.

4.3.2. Bustadkjennemerke

Bustadkjennemerka gjeld berre for privatbostader og personar i privathushald.

Areal

Arealet av bustaden er det samla arealet av rom på 6 m² eller meir som blir brukte til bustadformål. I tillegg er også entré, gangar, trapperom, vaskerom o.l. med i arealet.

Busette pr. bustad

Busette pr. bustad er lik talet på busette i privatbostader dividert med talet på bostader i alt.

Byggjeår

Byggjeåret er det året da minst halvparten av bostadene i huset var ferdig til innflytting. For hus som er ombygde, er det opprinnelege byggjeåret oppgitt.

Eige-/leigeform

Som *eigarar* er også rekna personar som har burett

ved å eige ein aksje eller ein part.

Som *leige for eit avgrensa tidsrom* er rekna leigeavtaler som går til ein bestemt dato, også framleige. Bustader stilt til disposisjon gjennom arbeidsforhold for ein avgrensa tidsperiode er derimot rekna med blant *tenestebustader*.

Leige av bustaden på *Andre vilkår* gjeld t.d. ved leigekontrakt med heimel i husleigelova, munnleg leigeavtale eller kårvatiale. Obligasjonsleilegheiter og trygdeleilegheiter er også tekne med her.

Etasjepllassering

Etasjepllasseringa viser i kva for ein etasje bustaden har rom til bustadformål. For bustader som går over fleire plan, er alle etasjane oppgitt.

Hustype

Ein *einebustad* ligg fritt med minst ein halv meter til andre hus. Han kan også innehalde ei hybelleilegheit, og eitt eller fleire rom kan vere i bruk som hybel.

Våningshus knytt til gardsdrift omfattar alle typar bustadhus på gardsbruket.

Eit *hus i kjede* (også einebustad i kjede) er bunde saman med eit anna hus ved bu, garasje/carport, svalgang e.l.

I eit *terrassehus* er leilegheitene bygde saman i ei skråning der fleire av leilegheitene har terrasse på heile eller delar av taket til leilegheita under.

Terrasseblokk er rekna som blokk og ikkje som terrassehus.

Anna bustadbygg med mindre enn tre etasjar omfattar til dømes firemannsbustad, einebustad med mindre enn ein halv meter mellom husa o.l.

Leilegheita ligg i eit *forretningsbygg* eller i eit *bygg for felleshushald* dersom mindre enn halvparten av golvarealet i huset blir brukt til privatbostad.

I nokre tabellar er hus i kjede, terrassehus og anna bustadbygg med mindre enn tre etasjar slått saman og kalla *småhus*.

Kjøkken

Kjøkkenet er den delen av bustaden der det er installert utstyr til matlaginga. Kjøkkenet kan vere eit eige rom, men treng ikkje å vere det (opne løysingar).

Dersom fleire bostader har felles kjøkken, t.d. hyblar i eit hybelbygg, er alle bostadene rekna å vere utan kjøkken.

I storleiken på kjøkkenet er også golvplassen til benker og skap rekna med.

Kjelde til oppvarming

I FoB90 er alle kjelder til oppvarming i bustaden tekne med, medan det ved førre teljinga berre var den viktigaste som blei registrert.

Plan i bustaden

Bustaden seier vi ligg på eitt plan dersom kjøkken, bad/dusj, wc og minst eitt bustadrom er i same etasje utan trapper mellom.

Tilgjenge

Som eit mål for korleis ein kan ta seg fram til bustaden, er det nytta ei inndeling etter plan i bustaden, etasjeplassering i bustaden og om huset har heis.

Rom - talet på

I talet på rom er med bustadrom på 6 m² eller meir som kan nyttast året rundt. Kjøkken, bad, wc, vaskerom, gang o.l. er ikkje med, og heller ikkje rom som berre blir nytta til næringsverksemd.

Rom pr. bustad

er summen av alle rom dividert med talet på bustader. I FoB90 er det ikkje innhenta spesifiserte oppgåver over talet på rom i bustader med ni eller fleire rom. I oppgåvene for *rom i alt* er tala på rom i bustaden med ni eller fleire rom derfor rekna ut frå eit gjennomsnittstal. Data frå Boforholdsundersøkelsen 1988 er brukt som berekningsgrunnlag.

4.3.3. Hushaldskjennemerke

Hushaldskjennemerka gjeld for privathushald og personar registrerte som busette i privathushald.

Avfallssortering (kjeldesortering)

Oppgåvene over avfallssorteringa viser eit utval avfallstypar som blir sorterte ut frå hushaldsavfallet og leverte/henta etter at dei er sorterte ut. Kvart hushald kunne krysse av for fleire typar utsortert avfall. Nokre hushald sorterer fleire typar avfall. Derfor blir summen av hushald etter avfallstype større enn talet på hushald som sorterer avfall i alt.

Bil - talet på bilar i hushaldet

Med å disponere bil meiner ein å eige/leige bil eller å ha høve til å bruke firmabil privat. Stasjonsvogn, kombinert bil eller varebil som blir brukt til privatkjøring, er også rekna med i talet på bilar.

Familiar - talet på familiar i hushaldet

Sjå *Familie* i avsnitt 4.1 og *Familietype* i avsnitt 4.3.

Hushaldstype (talet på barn i hushaldet)

